

VELKOMEN TIL BJØRNHEIET SFO

LEIKANGER BARNESKULE

2023/24



Bjørnehiet SFO - informasjon

Bjørnehiet SFO er eit friviljug omsorgs- og fritidstilbod før og etter skuletid for barna på 1.-4. steg. Sentralt i tilboden er omsorg, tryggleik og gode utviklingsvilkår.

Det blir lagt til rette for leik, kultur – og fritidsaktivitetar. Barna får bruke ulike sider av seg sjølve, og dei får oppleva samanheng og meistring. Utvikling av sjølvstende er eit mål.

Vi har aktivitetstilbod som er tilpassa barna sin alder og deira interesser.

Det er viktig med godt samarbeide med føresette.

Rammeplan for skolefritidsordninga

Denne rammeplanen gjeld for arbeidet i skolefritidsordninga (SFO). SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna, og gi barna omsorg og tilsyn. Dette følgjer av opplæringslova § 13-7. Rammeplanen har status som forskrift med heimel i opplæringslova § 13-7, og gjeld for skolefritidsordningar som er omfatta av denne føresegna. Kommunen eller verksemda som kommunen bruker til å oppfylle si plikt etter opplæringslova § 13-7, har ansvaret for at SFO blir drive i samsvar med gjeldande regelverk. Rammeplanen gir rom for lokale variasjonar, satsingar og planar. For å sikre eit heilskapleg perspektiv på oppveksten og utviklinga til barna bør SFO og skole samarbeide tett. Når SFO er knytt til skolar, skal rektor til vanleg vere leiaren for verksemda, jf. opplæringslova § 13-7. Rektor kan delegere oppgåver til ein som får ansvar for den daglege drifta av SFO. Kapittel 9 A i opplæringslova om skolemiljøet til elevane gjeld òg for SFO, bortsett frå dei unntaka som følgjer av § 9 A-1. Kapittel 9 A handlar om retten til eit trygt og godt fysisk og psykososialt miljø i SFO og plasserer ansvaret for tryggleiken til barna hos dei vaksne. Personalet i SFO er òg omfatta av meldeplikta til barnevernet. Rammeplanen presiserer og utdjupar verdigrunnlaget for SFO. Verdigrunnlaget for SFO byggjer på grunnleggjande verdiar som òg gjeld for barnehage og grunnopplæring. Noreg har slutta seg til internasjonale konvensjonar, slik som FNs konvensjon om barnets rettar og ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar. Verdigrunnlaget i rammeplanen byggjer òg på desse. Rammeplan for SFO består av seks kapittel: 1. Om rammeplan for skolefritidsordninga, 2. Verdigrunnlaget til skolefritidsordninga, 3. Innhaldet i skolefritidsordninga, 4. Ei inkluderande skolefritidsordning, 5. Samarbeid i skolefritidsordninga og 6. Kvalitetsutvikling. barnevernlova § 6-4. Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skolar m.m. gjeld òg for SFO.

Årsplan

Vi har årsplan/fagplan med aktivitetar som følg årstidene og som er knytt opp til SFO rammeplan.

Satsingsområde

1. Sosial kompetanse

2. Fysisk aktivitet

3. Frileik

Det skal vera godt å vera på Bjørnehiet SFO. Vi må sikra oss at dei rammene vi har er trygge og varme. Barna skal oppleva at vi er glade i dei, og at vi tykkjer det er fint å vera i lag med dei. Barna skal oppleva at dei er ein del av eit fellesskap der det er bruk for dei. Samstundes skal dei vera med på å prega tilbodet slik at dei opplever at Bjørnehiet SFO er deira.



Verdigrunnlag

Vi ønskjer at det einskilde barn skal få utvikla og styrka sjølvkjensla si, samt respektera og tolerera kvarandre sine ulikheiter. Vi har eit stort uteområde der det er gode moglegheiter for leik. Bjørnehiet SFO er ein del av skulen og skal ivareta barnas trond for tilsyn og omsorg i fritida deira. Organiseringa varierer mellom fri leik og gruppeaktivitetar, ulike verkstader, ulike gruppeinndelingar og aldersspreiing.

Vennskap og positive relasjonar skal stå sentralt i Bjørnehiet SFO sin kvardag. Vi skal ha tid for undring og vera nysgjerrige. Saman skal vi glede oss over små og store ”få det til opplevingar.”

Fysisk aktivitet og vera glad i naturen

Vi legg til rette for fysisk aktivitet kvar dag, vi kjøper inn utstyr som innbyr til aktivitet og har tilgang på både fotballbane og klatrepark.

Ved å la barna vera mykje ute, møter dei utfordringar som gir dei sjansen til å utvikla seg og bli robuste! Vi brukar Holerunnane, Bjørnehiplassen og uteområdet v/ skulen som leike- og læringsarena for å nå dei måla vi har sett oss. Barna lærer å bli glade i og å ta vare på uteområdet og naturen.



Høglydt og stilt

Glede og humor skal prega Bjørnehiet SFO. Der skjer det noko heile tida, frå stor aktivitet med høglydt latter og leik, til rolege stunder med kos eller trøyst i armkroken.

Personale

Vi som jobbar på Bjørnehiet SFO har ulike interesser, noko som viser att i aktivitetane som fyller dagane våre. Vi er alle opptekne av å ivareta gammalt handtverk og tradisjonar, noko vi jobbar med året rundt.



Lærling

Vi ønskjer å gi lærlingar under utdanning praksis innanfor SFO. Denne erfaringa gir eit viktig innsyn i barna sin kvardag. Lærlingen er med i undervisninga på skulen og i Bjørnehiet SFO eit år i gangen.

Tilsette i SFO pr. dags dato, våren 2022

Andrea Langeteig, fagarbeidar

Erika Andersen Ekornåsvåg, miljøterapaut

Inge Lund, miljørettleiar (for tida permisjon)

Ingrid Ask, barnehagelærar/miljøterapaut

Linda Mathisen, vernepleiar/miljøterapeut

Rita Steig, miljørettleiar

Siri Randen, SFO leiar

Tina Kjelven Hauglum, barnehagelærer/miljøterapeut

Aase Menes, fagarbeidar

Opningstider

Bjørnehiet SFO er open frå 07.30 -16.30 alle dagar.

Måndag 13.30-16.30

Tysdag 13.30-16.30

Onsdag 12.45-16.30

Torsdag 13.30-16.30 for 1. og 2. steg 14.30 -16.30 for 3. og 4. steg

Fredag 13.30-16.30

Dagleg oppholdstid og årleg opningstid etter 1. august 2020

Eit SFO-år går frå veke 31 til og med veke 26.

Skulefritidsordninga har ope alle virkedagar med følgjande unntak som SFO er stengd:

- 4 veker i juli (veke 27 – 30)
- 5 planleggingsdagar for personalet
- Julaftan og nyårsaftan
- SFO stengjer 12.00 onsdag før skjærtorsdag

Opptaksperiode og oppseiling av plass frå 1. august

Søknadsfristen til hovedopptak for skulefritidsordninga er 1.mai. Det er høve til å ta opp barn i ordninga i løpet av året. Ein har plassen på SFO til barnet går ut av 4. klasse, eller til den vert sagt opp skriftleg, det skal ikkje søkjast på nytt kvart år.

Det er 1 månad oppseiingsfrist/endringsfrist. Melding om oppseiling/endring må vere motteken før den 1. i månaden. Ein må betale i oppseiingstida sjølv om plassen ikkje blir nytta. Ved endring av plass til ein mindre plass gjeld oppseiingstida som for oppseiling. Ved endring til større plass gjeld betaling frå avtalt endringsdato. **Det er likevel slik at siste oppseiingsfrist før sommaren er sett til 1. mai, då juli er betalingsfri månad.**

Registrering av barna

Vi registererer at barna er komne på skulen / SFO gjennom Visma Flyt Skole på Leikanger barneskule / SFO. Det vil seia at alle meldingar frå dykk føresette til oss, går gjennom Visma Flyt Skole. Det same gjeld meldingar frå oss til dykk føresette.

De må søkja opp

<https://skole.visma.com/sogndal/Account/Login?returnUrl=%2Fsogndal%2FPupil>

Logg inn med ID-porten. Så må de fylla inn alle manglende data og gje samtykke. De finn ein app for føresette som heiter "Min skole - foresatt". Den må de lasta ned.

App: Nedst i hjørnet finn de SFO, klikk dykk inn og legg inn meldingar til SFO.

Vi registererer når barna kjem og når dei reiser heim. Vi kan legga inn faste gåtider, eller at de som føresettelegg inn meldingar dag for dag. Vi må be om at meldingar kjem inn før kl. 09.00 den gjeldande dagen for å få best mogeleg oversikt. Når de sender fråversmelding til lærar, legg det seg automatisk på Bjørnehiet SFO si registrering. De treng derfor ikkje å gje fråversmelding til oss når det gjeld fråvære på skulen.

Elles er det viktig at de melder i frå til oss om barnet har allergiar, kroniske sjukdomar eller andre ting me bør kjenna til og ta omsyn til.



Gå-heim-avtale

Faste gå-heim-avtalar gjer det lettare for oss å hjelpe barnet til å gå heim til rett tid.

Når andre hentar

Dersom barnet skal bli henta av andre enn føresette eller andre avtalte personar, skal vi ha melding om det. Besøksavtalar skal gjerast på førehand og ikkje i Bjørnehitida.

Måltid - venskapskafé

Det er høve til å eta medbrakt frukost. Vi har venskapskafé to dagar i veka. Ein dag med varm mat og ein dag med yougurt eller noko anna. Dei andre dagane er det frukt og knekkebrød. Det er fast opningstid og variert meny. Vi har fokus på sunt kosthald, og barna er med på å bestemme kva som skal serverast. Vi ser at barna kosar seg og at dei knyter nye vene på kafeen vår. Barna viser glede og et godt saman med dei andre barna. Her er det mykje positiv læring innanfor mange område. Eit godt måltid er med på å skape gode relasjonar mellom barn-barn og barn-vaksen.



Feriar

Dei som nyttar ferietilbodet får ein plan over dagen og aktivitetar.

Vi må leige inn personale i feriane, og difor må vi ha bindande påmelding slik at vi kan ha eit oversyn på kor mange barn me må berekna personale til. Det hjelper oss til å få mest mogleg ut av vår ressurs og til å laga best mogleg tilbod til barna. Barna må ha med matpakke og drikke i feriane.

Eigne leiker

Vi ber om at barna ikkje har eigne leiker med seg på Bjørnehiet SFO. Årsaka er at vi ønskjer at alle har likt utgangspunkt for leik. Å ha med leiker kan medføra «kjøp av vener».

Kle

Alle sko/kle skal vera merka.

Barna bør ha utekle som passar til veret og minst eit sett med bytekle på skulen.



Sjukdom

Vi tek ikkje i mot sjuke barn eller barn med smittefare. Barn som ikkje kan vera ute eller delta i vanlege aktivitetar, kan ikkje vera på Bjørnehiet SFO. Dette gjeld ikkje kroniske sjukdommar. Dersom barnet blir sjukt i løpet av dagen, blir de kontakta og bør henta barnet så fort som mogleg.

Grupper

Vi arbeider med smågrupper på ettermiddagane, gjerne klassevis. Bakgrunnen for dette er behovet for å styrka barna sin sosiale kompetanse og førebyggja mobbing. Smågruppene kan vera oppretta ut frå saker barna tykkjer kan vera vanskeleg i periodar, slik som venskap, sjalusi, toleranse, kommunikasjon, sampel og andre utfordringar som vi ser vi kan jobba med. Dette blir gjort i samarbeid og samråd med kontaktlærar og rektor. Vi informerer ikkje om desse gruppene og oppretting av nye grupper på vekeplanane. Dette er ein del av vårt arbeid for å gje alle barn eit godt tilbod.

Førebygging

Personalet på Bjørnehiet SFO har fokus på førebygging og sosial kompetanse på våre personalmøte. Vi jobbar med dette temaet heile året.

Frileiken

Vi jobbar med relasjonsbygging i Bjørnehiet SFO og ynskjer at barna skal bli betre på inkludera andre i leik. Vi ser at det stort sett går fint, men ynskjer at de har fokus på dette heime og. Korleis er eg som venn? Kven leikar eg med? Er alle med i leiken? Kva kan eg gjera for å få andre med i leik? Dette er mange av spørsmåla vi stiller i løpet av ein dag.

Bevisstgjering på si eiga rolle i leiken.

Bjørnehiet SFO prøver å ivareta barna si fritid og det er mykje tid til frileik.

Hugs at:

Leikande barn er glade barn.

Barna lærer og utviklar seg gjennom leiken.

Frie / spontane aktivitetar skjer i lag med vaksne kvar dag. Bjørnehiet SFO legg til rette aktivitetar leia av vaksne. Tryggleik, sjølvstende og evna til å fungera i lag med andre er sentrale omgrep i det daglege arbeidet med barna i Bjørnehiet SFO.

Oppleving: Kan vera å sjå på noko vakkert, observera andre i sin aktivitet, eller sjølv vera aktiv, ta på, sjå på eller erfara.

Kontakt: Kan skapast gjennom å delta i leik og vera i lag med andre.

Utfaldning: Kan skje gjennom å vera aktiv, skapa noko, eller delta i lagspel eller samleik.

Trivsel for små og store er det primære.



Kontakt info:

SFO leiar: 576 52 614 mob: 918 24 102

Bjørnehiet SFO tlf.: 995 78 858

E- post: siri.randen@sogndal.kommune.no

Heimesida: [Bjørnehiet SFO - SOGNDAL KOMMUNE](http://Bjørnehiet%20SFO%20-%20SOGNDAL%20KOMMUNE)

Hei og hopp Bjørnehiet SFO er topp!

I Bjørnehiet SFO gjer vi vårt beste og klarar det meste!

Bjørnehiet SFO strekker seg----- alltid litt lenger!

